



## Notat

Dato: 30.09.2017  
Arkivsak: 2017/15838-2  
Saksbehandlar: hanglop1

---

**Til:** Fylkesutvalet og Utval for kultur, idrett og regional utvikling

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### NKOM gir seks mill. kroner i tilskot til utbygging av Breiband i Masfjorden

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) har tildelt midlar til 40 prosjekt i kommunar med dårleg breibanddekning. Frå Hordaland var det berre søknaden frå Masfjorden kommune som nådde opp i den nasjonale konkurransen om midlane. Kommunen fekk tildelt 6 mill. kroner til utbygging. Masfjorden var prioritert øvst av dei seks søknadene frå Hordland (sjå under).

Rangering	Kommune	Poeng	Søknadssum
1	Masfjorden	8,85	6 000 000
2	Os	6,15	480 000
3	Kvinnherad	5,85	3 930 000
4	Meland	5,65	5 000 000
5	Samnanger: Hisdal - Trengereidfjord	4,50	700 000
-----	-----	-----	-----
-			
6	Samnanger: Bjelkarvik	2,80	200 000

Den statlege støtta går til område der kommersiell utbygging ikkje er lønsam. Stortinget løyvde 138,7 mill. kr. til støtteordninga i 2017, og i år fekk Nkom inn 142 søknader frå 17 fylke. Til saman vart det søkt om nær 589 millionar kroner i støtte.

Søknadene vart først rangert av fylkeskommunane, og etter endelig handsaming hos Nkom, var det 40 prosjekt som kvalifiserte for støtte. Den totale kostnadsramma for prosjekta som får støtte er ca. 415 millionar kroner

Det er fjerde året Nkom forvaltar og tildeler breibandmidlar til utbygging av breiband. Tidlegare var denne oppgåva tildelt fylkeskommunane.

VEDLEGG: Fylkesvis fordeling av breibandtilskot for 2017